

Osterøy kommune


Geitaryggen 8

5282 Lonevåg

## Innspel til Fv. 567 Skiltplan, særskild fartsgrense – Helldal-Hosanger – Osterøy kommune

### Innleiing

Det vert vist til skiltplan for fv. 567 på strekninga Helldal-Hosanger i Osterøy kommune. Underteikna støttar reduksjon av fartsgrense i området, men har innspel til plassering av 2 skiltstolpar i skiltplanen. Dei 2 skiltstolpane er angjeven med posisjonsnummer 11a, 11b, 12a og 12b i skiltplanen.



Bilde 1; Over ser ein utsnitt frå skiltplan. Det er skilta med posisjonsnummer 11a, 11b, 12a og 12b dette innspelet gjeld.

## Flytting av skilt

Skilt markert med 11 og 12 ved FV567 K S4D1 m 4598 er plassert like på søraustsida av avkøyring til område for naust/kontor i reguleringsplan for Hosanger sentrum, planid 504-63. Dette området er vidareført i kommunedelplan for sjø- og strandsone som sentrumsområde for Hosanger.

Hosanger er ei bygd med mykje og varierende aktivitet. Vårt mål er å gjere dette området ein del av Hosanger i tråd med overordna planar. Det er etter mi meining uheldig at kun ei avkøyring blir plassert utanfor 50-sona, mens resten havnar innanfor den same sona. Avkøyringa er siste del av bygda Hosanger. Det er ingen avkøyringar på vegstrekninga mot nordvest før etter 400m.

Avkøyringa er etablert med kantstein i tråd med krav frå statens vegvesen, og godkjend 14.12.2020. avkøyringa er avgrensa med kantstein, se bilde 2.



Berge Andreas Hoshovde  
Kvernhusreien 58  
5208 Os

INV - Forvaltning og utgreiing  
INV - Forvaltning Bergensområdet

Vår referanse 2020/78868-2  
Dato 14.12.2020

Endeleg godkjenning av avkøyrslø - fylkesveg 567 Osterøyvegen - gnr 87 bnr 1 - Refsneset - Osterøy kommune

Vi viser til stadfesting om opparbeidd avkøyrslø på e-post datert 03.12.2020.

Av stadfestinga går det fram at avkøyrslø frå fylkesveg 567 Osterøyvegen til eigedomen med gnr. 87 bnr. 1 er ferdig opparbeidd i tråd med reguleringsplan for Hosanger sentrum planID 504\_63 (2002), i tillegg til krav til utforming i e-post frå Vestland fylkeskommune av 21.02.2020.

På grunnlag av motteken stadfesting, gjev vi med dette endeleg godkjenning til bruk av avkøyrslø.

Vi minner om at eigar eller brukar av avkøyrslø sjølv har ansvaret for at Krav til utforming av avkøyrslø til kvar tid er oppfylt, herunder krav til frisisikt (jf. vegloven § 43). Det er krav om 105 meter frisisikt kvar veg målt frå 4 meter inn i avkøyrslø. Om krava ikkje er oppfylt, kan Vestland fylkeskommune trekke tilbake løyvet.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Malene Utكيلen  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

OSTERØY  
KOMMUNE

Postboks 1

Bilde 2; Over ser ein utsnitt frå godkjenning av avkøyrslø til gbnr. 87/1.

Området ved avkøyringa er godt belyst med lysstolpar på begge sider av avkøyringa. Belysninga er noko meir omfattande på søraustsida av avkøyringa, men denne «smittar» også over på vår avkøyring og bidrar



*Bilde 3; Her ser man avkøyringa samt belysningspunkt på fylkesvegen. Avkøyringa har belysningspunkt i nærleiken og på begge sider. Utsnitt frå databasen til statens vegvesen.*

Det er ønskeleg at skilt nr. 11 og 12 blir flytta ca. 20m. mot nordvest til enden av kantstein i avkøyringa. Dvs. oppover fylkesvegen, til ca. FV567 K S4D1 m4578.

Mvh

Berge Andreas Hoshovde